Månadsbrev September og oktober!

September og oktober har vore fulle av ulike aktivitetar både inne og ute. Vi har hatt flaks med vêret og kunna nyta fleire av måltida våre ute, noko barna har sett stor pris på. Nedanfor kan du sjå bilete frå dei ulike aktivitetane vi har halde på med i denne perioden:

Base 1:

Kvar veke er vi på formingsrommet, der vi lagar ulike kunstverk. Det har òg danna seg ein liten, men ihuga strikke- og hekleklubb på basen!









Gymsalen er populær! Her setter vi i gang hauk & due, tikken, ballspel eller andre kjekke leiker.



Vi har hatt mykje fint vêr og har dermed vært mykje ute i skulegården med både fri og styrt leik.








Vi gjekk på tur til Loen i slutten av oktober. Det var ekstra kjekt å eta ute og bryna seg på haustbingo. Base 1 har vorte ein flink gjeng som går fint på rekke når vi er på tur!





På basen er det ofte kaplaklossar som er favoritten – det byggjes store parkeringsanlegg, garder og hus.




Base 2:

Her har kunstnerspirane fått utfalde seg på formingsrommet sammen med Mariet.

Kvar veke har det blitt nye kunstverk som stillas ut rundt omkring på skulen.

















CHICAGO
BULLS







Det er også mykje kjekk leik på basen, der det byggjes imponerande byggverk med magnetar, lego, plusplus og kapla.








Base 3:

På base 3 har det vorte gjennomført VM i papirflykasting, til stor glede for både store og små.








I oktober har barna fått laga sine eigne animasjonsfilmar med stop-motion som metode. Barna har laga historia, bygd figurar og bakgrunnar, og laga musikk til filmane sine. Dette har vore ein stor suksess, og vi gler oss til premieren på alle filmane den 5. november 😊





















Det arrangerast «månadens utfordring» den siste fredagen kvar månad. Dette kan vera å byggja den lengste brua med lego eller det høgaste tårnet av papir.



Barna har fått ein forsmak på november sitt store prosjekt: Sphero Indi! Morosam og skjermfri programmering av robotbilar. Her er det mykje å gle seg til!







Base 3 prøver ut ei rekkje aktivitetar som vi ønskjer å introdusera for både base 1 og base 2, slik at alle skal få ta del i moroa. Inspirasjon til mange av aktivitetane får vi gjennom UiS sitt bachelorstudium i skulefritidspedagogikk, som baseleiar Torstein for tida gjennomfører.

Vi gler oss til ein ny månad med masse samhold, moro og nye aktivitetar på Kleppelunden SFO!